

Lindås Kommune
v/ordfører Astrid Aarhus Byrknes
Postb

Kvalvånes, 19.02.2019

5914 Isdalstø

Eikanger-Bjørsvik Musikklag, søknad om støtte til Jubileumsfeiring.

Eikanger-Bjørsvik feirar 70 års jubileum med flott konsert og mottaking i Grieghallen laurdag 30 mars d å! Planane, ramma og dei fleste detaljar er så og sei ferdige, og me kan lova dei som tek turen til Grieghallen denne kvelden, at dette kjem til å bli ei veldig fin markering av våre første 70, fantastiske år!

Planen for kvelden er som følgjer:

Første halvdel av konserten vert tilbakeblikk og histore, fortalt med både musikk, bilete og film som blir vist på stort lerret bak korpset på scena. Me speler våre hits og «signaturlåtar» frå epokane 70, 80, 90 – talet og fram til dagens suksessfulle og internasjonalt kjente Eikanger-Bjørsvik frå Lindås Kommune! Nokre av våre tidlegare dirigentar vil også delta på scenen.

I denne delen av konserten fokuserer me også på vårt samfunnsnytteige arbeid: det å bidra til at skulekorpsa våre, born og ungdom får opplæring, inspirasjon og motivasjon til å halda på med musikk, er noka av det kjekkaste me veit. Dette arbeidet gjer me gjennom årlege arrangement som Feriespel, Eb Junior, instrumentaldagar, Sit-in øvingar mm. EBML jobbar heile tida med å vera eit forbilde for desse, slik at dei finn speglede og kanskje ynskjer å satsa litt meir slik at dei seinare fortset med speling i eit amatørkorps eller kanskje i Eikanger-Bjørsvik....

Før pause avsluttar me med eit kjempestort korps med Eikanger-Bjørsvik og scenen full av skulekorpsmusikantar som saman spelar Circle og life! Dette vert eit magisk augneblink!

Så vert det pause med mingling og prat i foajeen før del to startar. Dette vert ein konsert det ein spelar lett underholdningsmusikk, og ein har eit par gjestar som kjem: Adam Rapa og Maijken Christiansen.

Når konserten er ferdig vert det avfrasing i foajeen. Her er det mogeleg for dei som ynskjer det å ta ordet og komma med helsing. Me vil setja stor pris på om Lindås kommune vil ta turen og bidra med ei helsing til Eikanger-Bjørsvik.

Markeringa i Grieghallen har ei kostnadsramme på kr 380.000,-. Her er «alt» rekna med: husleige, vaktleige, lyd, lys, scenerigg, konferansier, blommar, dirigent, gjesteartistar, arrangering av musikk, kopiering etc.

Om kommunen har høve til å bidra med ei økonomisk støtte til oss til gjennomføring av jubileumsmarkeringa, set me umåteleg stor pris på det! Uansett er kommunen velkommen til å feira saman med oss den 30 mars.

Eikanger-Bjørsvik vil seinare i år markera 70 års jubileet med ein lokal konsert ei stad i kommunen.

Med helsing
for Eikanger-Bjørsvik Musikklag


Toril Ones